



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
50/2015	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	01.06.2015
54/2015	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	05.06.2015
07/2015	Administrasjonsutvalet	PS	08.06.2015
11/2015	Eldrerådet	PS	16.06.2015
12/2015	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	24.06.2015
19/2015	Arbeidsmiljøutvalet	PS	15.06.2015
46/2015	Kommunestyret	PS	22.06.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE - 145	15/868

RÅDMANNNS FRAMLEGG TIL ØKONOMIPLAN 2016 - 2019

Vedlegg:

Økonomiplan 2016 -2019

Kunnskapsgrunnlag skulestruktur

SKULESTRUKTUR - FRAMLEGG TIL PROSESS

Meistring og deltaking - prosjektskisse forprosjekt

0A Oppsummering alle tilstandsvurderinger_resultatdok_revisjon03

IKT Strategi 2015-2018 endelig

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2016 -2019 vert teken til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet vil gje si endelege tilråding i neste økonomiplanmøte.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 50/2015

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2016 -2019 vert teken til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet vil gje si endelege tilråding i neste økonomiplanmøte.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 54/2015

FPØ - Behandling:

Framlegg frå Eirik Haga på vegner av AP, SP, KRF:

Rådmannens framlegg til økonomiplan vert vedteken *retningsgjevande* med slike føringar:

Oppvekst:

- Tilstandsrapporten som gjeld bygg innan oppvekst vert teken til orientering.
- Kunnskapsgrunnlaget som gjeld skulestruktur vert teken til etterretning. I punkt 5 innarbeider rådmannen eit punkt 5.4: «Nærmiljøskular 1.-4.klasse og sentralisering av 5.-10.klasse» som eit fjerde utgreiingsalternativ.
- Med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget om skulestruktur legg rådmannen til rette for ein heilskapleg skulestrukturdebatt der alle formkrav er teke omsyn til.
- Når eventuell ny skulestruktur er vedteken kjem rådmannen tilbake med ei sak om opprusting eller nybygg av skuleanlegg på Dale samt;
 - framlegg til sal/alternativ bruk av bygg innan tenesteområde oppvekst
 - plan for opprusting av bygga ein skal driva skule/barnehage i

Kommunestyret fastset i særskild vedtak:

- *Skulestruktur,*
- *Eventuelle nybygg og rammer for dette,*
- *Plan for opprusting av bygg og økonomiske rammer for dette. Eventuelle løyvingar vert gjort i årsbudsjetta,*
- *Plan for eventuelle sal av bygg innan tenesteområdet,*
- *Tilstandsrapport om arbeidet med kunnskap, trivsel, samarbeid med dei føresette og fråfall i vidaregåande skule skal leggjast fram for kommunestyret årvisst.*

Helse og omsorg:

- Gjeldande økonomiplan vert vidareført.
- Eventuelle endringar i struktur skal vedtakast av kommunestyret i eige vedtak.
- Rådmannen legg fram ei sak for Levekårsutvalet om:
 - Arbeidet med å utvikla Daletunet til eit kompetansesenter for rehabilitering/helsehus vert vidareført og vidareutvikla med satsing på kvardagsrehabilitering, bruk av velferdsteknologi og livskvalitet.
 - Arbeidet med å utvikla Vaksdal sjukeheim til eit kompetansesenter for demens der ein utviklar sjukeheimen, Maritvold og eit opprusta Jamnetun til ei «Demensbygd» der kvardagsrehabilitering og livskvalitet står i fokus.
- Arbeidet med å utvikla heimetenestene og **rus- og psykiatritenesta** må knytast nærare til institusjonane.
- Rådmannen utarbeider ein plan for folkehelse i nært samarbeid med frivilligheiten.
- Rådmannen får utarbeidd ein tilstandsrapport over samtlege bygg innan tenesteområde Helse og omsorg og kjem tilbake med sak om bruk, opprusting, behov for nybygg og eventuelt sal.

Kommunestyret fastset i særskild vedtak:

- *Samtlege strukturelle endringar*
- *Ny plan for tenesteområdet der ein satsar på kvardagsrehabilitering, psykiatri,*

«demensbygd». Livskvalitet skal stå sentralt i alle ledd.

- *Investeringsplan for å utvikla tenestene i tråd med ny plan for tenesteområdet. Eventuelle løyvingar vert gjort i årsbudsjetta.*

Samfunnsutvikling:

- Rådmannen får utarbeidd ein tilstandsrapport over samtlege bygg utover tenesteområda Oppvekst og Helse og Omsorg (Sjå over!)
- Rådmannen fremjar sak om opprusting og eventuelle sal av bygg innan tenesteområdet
- Rådmannen legg, etter eigen plan, til rette for utbygging av Stanghelle Vest i samarbeid med private
- Rådmannen får utarbeidd ein plan for fellesområda i kommunen der ein ser på:
 - Kva for fellesområde ein skal vidareutvikla (t.d. leikeplassar, parkar etc.)?
 - Kva for fellesområde som bør avviklast (t.d. leikeplassar, parkar etc)?
 - Kva kan private og frivillige overta?
 - Kva kan gå tilbake til naturen?

Kommunestyret fastset i særskild vedtak:

- *Rammer for opprusting av bygg*
- *Kva for bygg som skal selgjast*
- *Framdrift i utbygginga av Stanghelle Vest*
- *Kva for fellesområde som skal vidareutviklast, selgjast eller gå tilbake til naturen*

Kommunestyret legg til grunn at rehabilitering av bygg, nybygg, fellesområde skal skje på ein nøktern, kostnads- og arealeffektiv måte.

Avrøysting:

Samrøystes vedtak.

Representantane frå Høgre sluttar seg til forslaget no, men tar atterhald om å koma tilbake til saka i kommunestyret.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Rådmannens framlegg til økonomiplan vert vedteken *rettningsgjevande* med slike føringar:

Oppvekst:

- Tilstandsrapporten som gjeld bygg innan oppvekst vert teken til orientering.
- Kunnskapsgrunnlaget som gjeld skulestruktur vert teken til etterretning. I punkt 5 innarbeider rådmannen eit punkt 5.4: «Nærmiljøskular 1.-4.klasse og sentralisering av 5.-10.klasse» som eit fjerde utgreiingsalternativ.
- Med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget om skulestruktur legg rådmannen til rette for ein heilskapleg skulestrukturdebatt der alle formkrav er teke omsyn til.
- Når eventuell ny skulestruktur er vedteken kjem rådmannen tilbake med ei sak om opprusting eller nybygg av skuleanlegg på Dale samt;
 - framlegg til sal/alternativ bruk av bygg innan tenesteområde oppvekst
 - plan for opprusting av bygga ein skal driva skule/barnehage i

Kommunestyret fastset i særskild vedtak:

- *Skulestruktur,*
- *Eventuelle nybygg og rammer for dette,*
- *Plan for opprusting av bygg og økonomiske rammer for dette. Eventuelle løyvingar vert*

gjort i årsbudsjetta,

- *Plan for eventuelle sal av bygg innan tenesteområdet,*
- *Tilstandsrapport om arbeidet med kunnskap, trivsel, samarbeid med dei føresette og fråfall i vidaregåande skule skal leggjast fram for kommunestyret årvist.*

Helse og omsorg:

- Gjeldande økonomiplan vert vidareført.
- Eventuelle endringar i struktur skal vedtakast av kommunestyret i eige vedtak.
- Rådmannen legg fram ei sak for Levekårsutvalet om:
 - Arbeidet med å utvikla Daletunet til eit kompetansesenter for rehabilitering/helsehus vert vidareført og vidareutvikla med satsing på kvardagsrehabilitering, bruk av velferdsteknologi og livskvalitet.
 - Arbeidet med å utvikla Vaksdal sjukeheim til eit kompetansesenter for demens der ein utviklar sjukeheimen, Maritvold og eit opprusta Jamnetun til ei «Demensbygd» der kvardagsrehabilitering og livskvalitet står i fokus.
- Arbeidet med å utvikla heimetenestene og rus- og psykiatritenesta må knytast nærare til institusjonane.
- Rådmannen utarbeider ein plan for folkehelse i nært samarbeid med frivilligheiten.
- Rådmannen får utarbeidd ein tilstandsrapport over samtlege bygg innan tenesteområde Helse og omsorg og kjem tilbake med sak om bruk, opprusting, behov for nybygg og eventuelt sal.

Kommunestyret fastset i særskild vedtak:

- *Samtlege strukturelle endringar*
- *Ny plan for tenesteområdet der ein satsar på kvardagsrehabilitering, psykiatri, «demensbygd». Livskvalitet skal stå sentralt i alle ledd.*
- *Investeringsplan for å utvikla tenestene i tråd med ny plan for tenesteområdet. Eventuelle løyvingar vert gjort i årsbudsjetta.*

Samfunnsutvikling:

- Rådmannen får utarbeidd ein tilstandsrapport over samtlege bygg utover tenesteområda Oppvekst og Helse og Omsorg (Sjå over!)
- Rådmannen fremjar sak om opprusting og eventuelle sal av bygg innan tenesteområdet
- Rådmannen legg, etter eigen plan, til rette for utbygging av Stanghelle Vest i samarbeid med private
- Rådmannen får utarbeidd ein plan for fellesområda i kommunen der ein ser på:
 - Kva for fellesområde ein skal vidareutvikla (t.d. leikeplassar, parkar etc.)?
 - Kva for fellesområde som bør avviklast (t.d. leikeplassar, parkar etc)?
 - Kva kan private og frivillige overta?
 - Kva kan gå tilbake til naturen?

Kommunestyret fastset i særskild vedtak:

- *Rammer for opprusting av bygg*
- *Kva for bygg som skal selgjast*
- *Framdrift i utbygginga av Stanghelle Vest*
- *Kva for fellesområde som skal vidareutviklast, selgjast eller gå tilbake til naturen*

Kommunestyret legg til grunn at rehabilitering av bygg, nybygg, fellesområde skal skje på ein nøktern, kostnads- og arealeffektiv måte.

Administrasjonsutvalet - Sak 07/2015

ADM - Behandling:

Ass. rådmann orienterte om økonomiplanen.

Ordføreren gikk gjennom tilrådinga frå formannskap/plan- og økonomiutvalet.

Samrøystes vedtak.

ADM - Tilråding/Vedtak:

Administrasjonsutvalet tek framlegget til økonomiplan 2016 - 2019 til orientering.

Arbeidsmiljøutvalet - Sak 19/2015

AMU - Behandling:

Ordførar orienterte om økonomiplanen og formannskapet si tilråing

Framlegg frå rådmann:

Saka vert tatt til orientering

Samrøystes

AMU - Tilråding/Vedtak:

Saka vert tatt til orientering

Eldrerådet - Sak 11/2015

ELD - Behandling:

Kommunalsjef Solrun Hauglum orienterte om rådmannen sitt framlegg til økonomiplan.

ELD - Tilråding/Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til Økonomiplan 2016 -2019 vart teken til orientering med følgjande merknad frå Eldrerådet: " Eldrerådet ønskjer primært at Vaksdal kommune framleis står som eigar av 4 sjukeheimplassar i Modalen. Eldrerådet ser likevel at føreståande endringar som kan medføre reduksjon av sjukeheimplassar, ikkje bør skje på Daletunet eller Vaksdal sjukeheim."

Kommunestyret - Sak 46/2015

KOM - Behandling:

Alternativt framlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Oppvekst.

Utgreiing gjeldande skulestruktur i Vaksdal kommune tek utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- a. *Det skal vere 1-7 skular på Vaksdal, Stanghelle, Stamnes og Dale*
- b. *Det vert utgreid ny barneskule på Vaksdal og ny barne og ungdomsskule på Dale*
- c. *Det vert utgreid om nytt kulturhus kan verte ein del av utbygging av ny barne og ungdomsskule på Dale.*
- d. *Det vert utgreid om barnehagen på Jamne kan nyttast til boligsosiale føremål i kommunen.*

Svein Boge ba om gruppemøte. Etter gruppemøtet gjorde han greie for gruppa sitt syn.

Merknad til protokollen:

Oppvekst.

Utgreiing gjeldande skulestruktur i Vaksdal kommune tek utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- a. *Det skal vere 1-7 skular på Vaksdal, Stanghelle, Stamnes og Dale*
- b. *Det vert utgreid ny barneskule på Vaksdal og ny barne og ungdomsskule på Dale*
- c. *Det vert utgreid om nytt kulturhus kan verte ein del av utbygging av ny barne og ungdomsskule på Dale.*
- d. *Det vert utgreid om barnehagen på Jamne kan nyttast til boligsosiale føremål i kommunen.*

Røysting:

Det vart røysta over tilrådinga punkt for punkt:

Oppvekst: 1 røysta for Kjartan Haugsnes sitt framlegg (SV)

Helse og omsorg: Samrøystes vedteke

Samfunnsutvikling: Samrøystes vedteke

KOM - Tilråding/Vedtak:

Rådmannens framlegg til økonomiplan vert vedteken *rettningsgjevande* med slike føringar:

Oppvekst:

- Tilstandsrapporten som gjeld bygg innan oppvekst vert teken til orientering.
- Kunnskapsgrunnlaget som gjeld skulestruktur vert teken til etterretning. I punkt 5 innarbeider rådmannen eit punkt 5.4: «Nærmiljøskular 1.-4.klasse og sentralisering av 5.-10.klasse» som eit fjerde utgreiingsalternativ.
- Med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget om skulestruktur legg rådmannen til rette for ein heilskapleg skulestrukturdebatt der alle formkrav er teke omsyn til.
- Når eventuell ny skulestruktur er vedteken kjem rådmannen tilbake med ei sak om opprusting eller nybygg av skuleanlegg på Dale samt;
 - framlegg til sal/alternativ bruk av bygg innan tenesteområde oppvekst
 - plan for opprusting av bygga ein skal driva skule/barnehage i

Kommunestyret fastset i særskild vedtak:

- *Skulestruktur,*
- *Eventuelle nybygg og rammer for dette,*
- *Plan for opprusting av bygg og økonomiske rammer for dette. Eventuelle løyvingar vert gjort i årsbudsjetta,*
- *Plan for eventuelle sal av bygg innan tenesteområdet,*
- *Tilstandsrapport om arbeidet med kunnskap, trivsel, samarbeid med dei føresette og fråfall i vidaregåande skule skal leggjast fram for kommunestyret årvisst.*

Helse og omsorg:

- Gjeldande økonomiplan vert vidareført.
- Eventuelle endringar i struktur skal vedtakast av kommunestyret i eige vedtak.
- Rådmannen legg fram ei sak for Levekårsutvalet om:
 - Arbeidet med å utvikla Daletunet til eit kompetansesenter for rehabilitering/helsehus vert vidareført og vidareutvikla med satsing på kvardagsrehabilitering, bruk av velferdsteknologi og livskvalitet.
 - Arbeidet med å utvikla Vaksdal sjukeheim til eit kompetansesenter for demens der ein utviklar sjukeheimen, Maritvold og eit opprusta Jamnetun til ei «Demensbygd» der kvardagsrehabilitering og livskvalitet står i fokus.
- Arbeidet med å utvikla heimetenestene og **rus- og psykiatritenesta** må knytast nærare til institusjonane.
- Rådmannen utarbeider ein plan for folkehelse i nært samarbeid med frivilligheiten.
- Rådmannen får utarbeidd ein tilstandsrapport over samtlege bygg innan tenesteområde Helse og omsorg og kjem tilbake med sak om bruk, opprusting, behov for nybygg og eventuelt sal.

Kommunestyret fastset i særskild vedtak:

- *Samtlege strukturelle endringar*
- *Ny plan for tenesteområdet der ein satsar på kvardagsrehabilitering, psykiatri, «demensbygd». Livskvalitet skal stå sentralt i alle ledd.*
- *Investeringsplan for å utvikla tenestene i tråd med ny plan for tenesteområdet. Eventuelle løyvingar vert gjort i årsbudsjetta.*

Samfunnsutvikling:

- Rådmannen får utarbeidd ein tilstandsrapport over samtlege bygg utover tenesteområda Oppvekst og Helse og Omsorg (Sjå over!)
- Rådmannen fremjar sak om opprusting og eventuelle sal av bygg innan tenesteområdet
- Rådmannen legg, etter eigen plan, til rette for utbygging av Stanghelle Vest i samarbeid med private

- Rådmannen får utarbeidd ein plan for fellesområda i kommunen der ein ser på:
 - Kva for fellesområde ein skal vidareutvikla (t.d. leikeplassar, parkar etc.)?
 - Kva for fellesområde som bør avviklast (t.d. leikeplassar, parkar etc)?
 - Kva kan private og frivillige overta?
 - Kva kan gå tilbake til naturen?

Kommunestyret fastset i særskild vedtak:

- *Rammer for opprusting av bygg*
- *Kva for bygg som skal selgjast*
- *Framdrift i utbygginga av Stanghelle Vest*
- *Kva for fellesområde som skal vidareutviklast, selgjast eller gå tilbake til naturen*

Kommunestyret legg til grunn at rehabilitering av bygg, nybygg, fellesområde skal skje på ein nøktern, kostnads- og arealeffektiv måte.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - Sak 12/2015

RFF - Behandling:

RFF - Tilråding/Vedtak:

Framlegg til Økonomiplan 2016 - 2019 vert teken til orientering.

Rådet meiner ordet "demensbygd" kan virka isolerande og stigmatiserande, og ønskjer derfor at ein finn eit anna namn for satsinga i Jamneområdet ved Vaksdal sjukeheim.

Jf Framlegg til økonomiplan 2016 – 2018 med vedlegg.

Framlegg til årsbudsjett for 2016 kjem til behandling i haust med vedtak i desember som tidlegare år. Økonomiplanen er førande for årsbudsjettet.